

**Høyringsuttale:**  
**Regler for val av sokneråd, bispedømeråd, Kirkemøtet.**

Uttalen er frå følgjande råd:

**Øye sokneråd**  
**Vang sokneråd**  
**Heensåsen sokneråd**  
**Høre sokneråd**  
**Kyrkjeleg fellelråd i Vang**

Sokneråda og Kyrkjeleg fellelråd i Vang meiner høyringa er svært omfattande og har difor lagt vekt på dei viktigaste punkta. Uttalen bygger på erfaringar frå dei siste kyrkjevala som er gjennomført i Vang.

Det som er felles for begge vala:

- Råda ser det som svært viktig at kyrkjevalet er lokalisert i nær tilknytning til det andre offentlege valet, og i tilfredstillande lokale.
- Regelverket for dei to vala må vere så likt som mogleg.
- Vi ynskjer at 15-åringar skal både kunne stå på lista og ha stemmerett.
- Den økonomiske ramma er avgjerande, og må vere lik for heile landet. Då må tilskotet koma frå sentralt hald.
- Vi har gode erfaringar med stemmegiving i alle sokn på valdagen, og at alle kan stemme i det soknet dei vil. Det bør likevel vere fritt opp til kvart fellelrådsområde å avgjere.
- Det bør ikkje vere høve til å stryke på listene.
- Det bør vere høve til å gje ekstra stemme til inntil 3 kandidatar.

For bispedømerådsvalet:

- Alle bispedøme må ha like reglar.
- Vi støttar direkteval av alle leke medlem.
- Ein nominasjonskomité må lage liste. Det sikrar ein brei representasjon. I tillegg må det vere opent for andre å stille liste. Nominasjonskomiteen bør ha same samansetjing som no.
- Det bør vere same frist for alle lister.
- Det bør vere høve til supplerande nominasjon på nominasjonskomitèen si liste, som før.
- Sperregrense på 5%